

## KOMMISJONSVEDTAK

2009/EØS/69/13

av 27. januar 2006

**om endring av vedtak 2004/233/EF med omsyn til lista over laboratorium som er godkjende for å kontrollere verknaden av rabiesvaksinasjon av visse kjøtetande husdyr(\*)***[meldt under nummeret K(2006) 122]*

(2006/48/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsvedtak 2000/258/EF av 20. mars 2000 om utpeking av et særskilt institutt som skal utarbeide de kriterier som er nødvendige for å standardisere serologiske prøver for kontroll av rabiesvaksiners virkning<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 3, og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Ved vedtak 2000/258/EF vart laboratoriet til Agence française de sécurité sanitaire des aliments de Nancy (AFSSA-laboratoriet i Nancy), Frankrike, peikt ut til å vere ansvarleg for å fastsetje dei kriterier som er naudsynte for standardisering av serologiske prøver med sikte på å kontrollere verknaden av rabiesvaksinar.
- 2) I vedtak 2000/258/EF er det òg fastsett at AFSSA-laboratoriet i Nancy skal sende over til Kommisjonen lista over dei fellesskapslaboratoria som skal godkjennast til å utføre desse serologiske prøvene. Følgjeleg nyttar AFSSA-laboratoriet i Nancy dei dugleiksprøvingane som er fastlagde for å vurdere kva laboratorium som kan godkjennast for utføring av dei serologiske prøvene.
- 3) Ved kommisjonsvedtak 2004/233/EF av 4. mars 2004 om godkjenning av laboratorium som skal kontrollere verknaden av rabiesvaksinasjon av visse kjøtetande husdyr<sup>(2)</sup> vart det fastsett ei liste over godkjende laboratorium i medlemsstatane på grunnlag av resultatane av dei dugleiksprøvene som AFSSA-laboratoriet i Nancy har sendt over.

- 4) Endå eit laboratorium i Tyskland er vorte godkjent av AFSSA-laboratoriet i Nancy i samsvar med vedtak 2000/258/EF.
- 5) Dette laboratoriet bør difor først opp i den lista over godkjende laboratorium i medlemsstatane som er fastsett i vedlegget til vedtak 2004/233/EF.
- 6) Vedtak 2004/233/EF bør difor endrast.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedlegg I til vedtak 2004/233/EF skal nytt nr. 8 i den delen som gjeld Tyskland, lyde:

«8. Vet Med Labor GmbH  
Mörikestr. 28/3  
D-71636 Ludwigsburg.»

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 27. januar 2006.

*For Kommisjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 26 av 31.1.2006, s. 20, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 140/2006 av 8. desember 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 15 av 29.3.2007, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEF L 79 av 30.3.2000, s. 40. Vedtaket endra ved kommisjonsvedtak 2003/60/EF (TEU L 23 av 28.1.2003, s. 30).

<sup>(2)</sup> TEU L 71 av 10.3.2004, s. 30. Vedtaket sist endra ved vedtak 2005/656/EF (TEU L 241 av 17.9.2005, s. 63).